Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Brynet

Oppskr. av: Martin Sivertsen

(adresse): Levanger

Fylke: Nord-Trøndelag

Herad: Skogn

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Nako eller Boje Myhr, 71 år, gardbrukar, Skogn.

SVAR

1. Det vanlege ordet er hein (f.)
Verb: heine kniv eller øks, heine eller stryke ljå.

2. Det blir bruka bryne av kunstsstein og naturstein om ein annan no. Det er ikkje heinfjell i bygda, og all heinstein blir no kjøpt i vanleg handel. Men lenger attende kunne det vera at ein leita seg brukande heinstein i bekkefar eller fjøra, helst til mindre verkty. Store ljåheiner har gått i handel så lenge folk minnest.

3. Ein sliper fyrst på rundstein og kvesser etterpå med bryne. Det gjeld all reidskap (så nær som barberkniv).

4. Nei, folk brukar ikkje no annan kvessingsmåte enn sliping på rund stein.

5. Nei, ein kjenner ikkje til kvessing på slik stein.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6. Ein bra ljå skulle halda egg ókta ut. Men ein slipa for kvar ókt.
7. Nei, folk hugsar ikkje noko om dette.
8. Det rettar seg mest etter feste-greiene. Det er no vanleg å festa ljå med ring, og då tek ein gjerne av når ein slipar. Men sume, helst eldre vil helst slipa med ljåen i orvet; det skal liksom større dugleik til det. Det sit vel i frå den tid ljåen vart festa med reim eller tåg. Då slipa ein sjølsagt med ljåen i orvet.
9. Ein brukar berre langorv. Orv-enden i marka, stød mot aksla eller bryst, odden fram, venstre handa på ljåbaken, framskaft. Eitt drag i gongen på kvar side av egga.
10. Strokkhus. Laga av tre, uthola.
11. Det er ukjent.
12. Med krok i beltereim eller bukselinning, bak, midtpå.
13. Ein brukar legge slag med vatn. Sume snekkarar brukar olje til finare verkty.
14. Ukjent.
15. Ukjent.
16. Ukjent
17. Ukjent
18. Ukjent.
19. Ukjent.
2o. Ukjent.

814
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING